

Møterefertat styremøte

FONNES BYGDELAG

Sted: PSW lokaler

Dato: 04.03.2024 kl. 18:00

Deltakarar: Øystein Austrheim, Monica Fønnes, Harald Sognnes, Arild Tresvik, Ida G. Fønnes, Hege Ramsland og Helge Nyheim

Kopi:

Referent: Harald Sognnes

Saksliste:

1. Referat frå forrige møte
2. Orientering om møte med kommunen ang. strandpromenaden
3. Årsmøtet 21. mars
 1. Rekneskap
 2. Budsjett
 3. Årsmelding
4. Eventuelt
 1. Behandling av eventuelle innkomne saker til årsmøtet

Referat:

1. Referat frå forrige møte
Referatet frå møtet 15.01.2024 vart gjennomgått og godkjent.
2. Orientering om møte med kommunen ang. strandpromenaden
I møtet med kommunen vart rekkefølgekrava i reguleringsplanen gjennomgått. I punkt 3.8 står det: «Det ikkje kan byggjast nye naust frå N14-N35 før strandpromenaden er bygd og har fått ferdigattest. Piren må få ferdigattest før nye naust kan få igangsetjingsløyve i N17-N35». Strandpromenaden må byggjast frå kryss ned til Gulebua og heile vegen til Tresvikvegen for å dekke alle nausta N14-N35. Når det gjeld detaljutforming av turvegen kan den justerast i terrenget slik den enkelte grunneigar ser behov for. Dette gjeld for nausta N14-N22. Vidare vart moglegheit til å søke om økonomisk støtte diskutert. For å få økonomisk støtte frå kommunen må ei først få med grunneigarane på ein binande avtale som kan tinglysast. Når dette er på plass kan ein søka kommunen om tilsegn om økonomisk støtte. Kommunen informerte om at Kari Utkilen og Rolf Henning Myrmel kunne hjelpa til med søkeprosessen. Øystein tar kontakt med kommunen for å sikre at rekkefølgekrava vedrørende strandpromenaden og naust bygging er riktig oppfatta. Har hatt møte i arbeidsgruppa NF der det vart orientert om møtet med kommunen. Der kom ein fram til at ein ville senda ut eit informasjonsbrev til alle grunneigarane, der

ein informerer om arbeidet Fønnes Bygdelađ er i gang med og at ein i slutten av brevet ber om tilbakemelding frå alle grunneigarane.

Gjekk gjennom utkast til brev som Inge har skrive.

Fønnes Bygdelađ er einig i at ein sender ut informasjonsbrev til alle grunneigarane, men at ein i slutten av brevet inviterer til eit grunneigarmøte i staden for tilbakemelding.

Foreslo at møtet burde være i Bua til Øystein.

Harald inviterer Inge og Øystein til eit møte der ein lagar brevet ferdig og sender det ut før påske. Brevet vert underteikna av leiar i Fønnes Bygdelađ.

3. Årsmøtet 21. mars

1. Rekneskap

Rekneskap for 2023 vart gjennomgått, og er klart for å verta revidert.

2. Budsjett

Forslag til budsjett for 2024 vart gjennomgått, justert og gjort ferdig.

3. Årsmelding

Forslag til årsmelding vart gjennomgått, oppdatert på nokre punkt og gjort ferdig.

Det vert ikkje eige tema til årsmøtet i år.

Valkomiteen har starta sitt arbeid.

5. Eventuelt

1. Behandling av eventuelle innkomne saker til årsmøtet.

Det er ikkje kome inn saker til årsmøtet.

Møtet slutt 20:00